



Arne Jordan instruerar Idun Uglehus Bøyum i hardingfelespel.

**Eit norsk hardingfelesenter må sjølvstendig liggja i Hardanger. Det slår fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg fast i eit brev til kulturministeren – og får støtte frå verksemdsleiar Kristian Bringedal i Kvinnherad.**

**Fylkesordføraren peikar på at hardingfela, som nasjonalinstrument, er knytt til regionen gjennom namnet, historia og ein tradisjon som framleis er rik og levande.**

Fylkesordføraren viser i brevet sitt til kulturministeren at utgreiinga om eit hardingfelesenter i Hardanger er høgt prioritert i Hordaland fylkeskommune sitt framlegg til ny regional museumsplan, som nyleg er sendt ut på høyring. Bringedal har delteke i dette arbeidet.

Han seier til HusnesNett at hans fokus under arbeidet med den nye regionale museumsplanen først og fremst har vore omsynet til kommunane i fylket. Han tykkjer difor det er flott at fylkesordføraren no trekkjer fram Hardanger som eit naturleg område for eit norsk hardingfelesenter. Det synet støttar vi fullt og heilt opp om, seier han.

– Eit tydelegare og meir særprega døme på ein kulturarv, som hardingfeletradisjonen er, finst ikkje i Noreg. Difor vil etablering av eit norsk hardingfelesenter i Hardanger vera eit naturleg steg på vegen mot å oppfylle pliktene som vi er pålagde gjennom UNESCO sin konvensjon om vern av ikkje-materiell kulturarv, skriv fylkesordføraren.

Akkurat som hardingfela har fleire underliggjande resonansstrengar enn ein vanleg fiolin, vil Hardanger ha fleire strengar å spela på enn nokon andre i arbeidet med å forvalta og formidla denne viktige nasjonale kulturarven.

Fylkesordføraren legg stor vekt på at eit hardingfelesenter i Hardanger ikkje vil bli ein isolert visningsstad utan tydeleg forankring i omlandet, men toppen av ein kulturell pyramide fundert på eit breitt fagleg nettverk – og eit nærmiljø som held tradisjonane i hevd.

Ole Bull Akademiet på Voss gjev i dag hardingfeleutdanning heilt opp til mastergrad. Studiane er i stor grad tufta på tradering, der individuell opplæring hos ein eller fleire tradisjonsberarar står sentralt. Utdanning av felemakarar byrjar etter planen til hausten.

Litt lenger sør, på Utne, ligg Hardanger Folkemuseum. Museet har Noreg si største samling av eldre hardingfeler, eit omfattande arkiv for folkemusikk og eigen felemakarverkstad. Eit blømande tradisjonsliv og kommunale musikkskular i Hardanger og på Voss er også viktig for å halda tradisjonane i hevd.

Hordaland fylkeskommune har ikkje teke stilling til konkret lokalisering av eit hardingfelesenter, det er noko som må greiast ut i nær framtid. Men det konsoliderte Hardanger og Voss museum peikar seg ut som eit naturleg ansvarsmuseum, meiner fylkesordføraren.

– Hordaland fylkeskommune er budd på å ta sin del av ansvaret for denne høgst levande kunstforma, og vi vonar staten no er budd på det same, skriv Nyborg

Av Kristian Hus  
HusnesNett